




SØR-FRON
KOMMUNE

"Dalernes blomme"


Informasjon om Sør-Fron ungdomsskule

Skuleåret 2019-2020



Her tek vi for oss;

- Presentasjon av trinna
- Om skulen
- Trivsel og læring for alle, forventningar
- Skuleområdet
- Timeplan
- Vurdering
- Utviklingsamtalar
- Val framandspråk/arbeidslivsfag/matematikk fordjuping
- Valfag
- Fråver og permisjonar
- Kommunikasjon heim-skule
- Ulike reglement, lover og rutinar.
- Digital meldingsbok, pålogging Visma Flyt Skole, permisjonar og fråver.
- Fagfornyinga, mot hausten 2020
- MOT



Personale




Administrasjon: Eivind og Svein, Anne på kontoret.

- Telefon 61299310

8. trinn: Oda Eline (teamleiar), May Iren, Helga, Kristin, Åshild og Anni.

9. trinn: Helene (teamleiar), Kay, Øistein, Kristin Anita og Jan Rune.



10. trinn: Irina (teamleiar), Gunhild, Brit, Linda, Simen og Inger



Skulen

99 elevar

- 33 på 8. trinn
- 34 på 9. trinn
- 32 på 10. trinn



Trivsel og læring for alle

Verdiar:

Lærelyst

- Barna/ elevane skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong.

Respekt og krav


- Barnehagane og skulane skal møte barna/elevane med tillit, respekt og forventning/ krav. Gje dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst.

Inkludering

- Barnehagen og skulen skal utvikle inkluderande fellesskap som fremjar helse, trivsel og læring for alle.

Gode relasjonar

- Dei vaksne er gode rollemodellar for at barna/elevane skal behandle kvarandre med respekt og velvilje.



I skulen tek vi ansvar for at:

- Vår verksemd held høg kvalitet.
- Eleven blir møtt på ein venleg og respektfull måte.
- Eleven blir oppmuntra til å vera høfleg og venleg.
- Eleven lærer å respektere andre, uansett rase, religion eller legning.
- Det blir skapt god arbeidsro og tryggleik i skulemiljøet.
- Kvar elev skal få opplæring etter sine eigene føresetnader og behov.
- Eleven får tilbod om eit inspirerende skulemiljø, der eleven sine sterke sider blir lyfta fram.
- Eleven sitt arbeid og skulen si verksemd blir verdsett.
- Heimen blir informert om eleven sin skulegang.
- Du som forelder/føresett kjenner deg velkommen til skulen og vil kontakte oss.

Som elev tek du ansvar for å:

- Engasjere deg i skulearbeidet.
- Opptre venleg, høfleg og hensynsfull.
- Passe tida.
- Ta med og halde orden på det utstyret du treng på skulen.
- Gjere heimearbeidet ditt.
- Hjelpe til med å halde skulen og utstyret som høyrer skulen til, i orden.
- Respektere at skulen er ein arbeidsplass og at alle har rett til arbeidsro.
- Følgje skulen sine ordensreglar.
- Koma med forslag og arbeide for forbedringar i skulen.


Som føresett tek du ansvar for at:

- Barnet ditt er utkvilt, har ete frukost og kjem på skulen til rett tid.
- Barnet ditt har rett utstyr for aktivitetane på skulen.
- Det blir meldt i frå om barnet sitt fråvær så snart som råd.
- Du unngår, så godt det let seg gjere, å be om fri for å reise på ferie utanom skuleferiane.
- Barnet ditt får støtte med heimearbeidet, og du oppmuntrar det til å ta auka grad av ansvar.
- Barnet lærer å respektere andre, uansett rase, religion eller legning.
- Du snakkar positivt om skulen, held jamnleg kontakt, og viser at skulen er viktig for barnet si læring.



**SØR-FRON
KOMMUNE**

"Dalernes blomme"



Vi vil at kvar elev skal kjenne:

- Eg kan
- Eg vil
- Eg er verdifull
- Eg tør
- Eg blir sett
- Eg lykkast
- Eg har lov til å mislykkast



Konsekvensar for eleven ved regelbrot:

- Samtale med lærar, rektor.
- Informasjon til føresette.
- Møte med føresette og involverte lærarar/assistentar.
- Skrifteleg melding heim.
- Bortvising frå skulen.

Gode råd til foreldre/føresette:

- Vis interesse for skulegangen til barnet ditt og det barnet ditt lærer seg. Diskuter skulegangen og legg vekt på det positive.
- Hjelp barnet ditt med å tileigne seg kunnskap. Å tileigne seg praktisk kunnskap i kvardagen er viktig øving.
- Still realistiske krav til barnet ditt og ros framgangen i skulearbeidet og ellers.
- Lær barnet ditt å ha fast plass og faste tider til heimearbeid. Rutiner er bra.
- Hjelp barnet ditt med leksene. Hugs at lekser er barnet sitt arbeid, ikkje ditt.
- Oppmuntre barnet ditt til å lese heime. Lesing er nøkkelen for å tileigne seg kunnskap.
- Støtt opp om skulen sine reglar. Orden og struktur er viktig for at skulen skal fungere.
- La oss vite kva som hender heime. Det er viktig at lærarane veit om små og store hendingar som kan påverke barnet. Læraren har alltid teieplikt.

Skulane i Sør-Fron

Midtbygda skule
Harpefoss skule
Sør-Fron ungdomsskule




Vi tek ansvar saman,
trivsel og læring for alle



**SØR-FRON
KOMMUNE**

"Dalernes blomme"




Skuleområdet



Timeplan

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Start	08.55	08.55	08.55	08.55	08.55
Slutt	14.30	14.30	14.55	14.30	14.30





**SØR-FRON
KOMMUNE**


"Dalernes blomme"

Timeplan alle dagar unntatt onsdag

1	08.55-09.40			
2	09.40-10.25			
3	10.35-11.20			
Matpause	11.20-11.55			
4	11.55-12.40			
5	12.50-13.35			
6	13.45-14.30			

Timeplan onsdagar


1	08.55-09.40	
2	09.40-10.25	
3	10.35-11.20	
Matpause	11.20-11.55	
4	11.55-13.05	
5	13.15-14.00	
6	14.10-14.55	



Vurdering

Det som er viktig:


1. Alle skal forstå kva de skal lære og kva som er forventa.
2. Alle skal få tilbakemelding på kvaliteten på arbeidet.
3. Alle skal få råd om korleis dei kan forbetre seg.
4. Alle skal vere med å vurdere eige arbeid.



Utviklingssamtale, med elev og føresette, på starten av ny termin


- August
- Slutten av januar

Med utgangspunkt i halvårsvurderingane set vi mål for neste halvår.




Val framandspråk/arbeidslivsfag/matematikk fordjuping

- Fransk/arbeidslivsfag/matematikk fordjuping vel du for heile ungdomsskulen.
- Fram til haustferien i 8. kan de få bytte, viss det du val vart feil.
- Tre timar på 8.
- To timar på 9.
- Tre timar på 10.



Framandspråk

- Alle elevar som tek studieførebuande utdanningsprogram på vidaregåande har framandspråk som fellesfag
- Viss du **har** framandspråk på ungdomsskulen kan fortsette med dette fyrste og andre året på vidaregåande (studieførebuande program)
- Viss du **ikkje har** framandspråk på ungdomsskulen har du framandspråk alle tre åra på studieførebuande program.
- På Sør-Fron ungdomsskule har vi fransk.




Valfag

To timar på kvart trinn kvar veke.

Til hausten tilbyr skulen fem ulike valfag:

1. Natur, miljø og friluftsliv
2. Fysisk aktivitet og helse
3. Design og redesign
4. Trafikk (9. og 10.)
5. Teknologi i praksis



Fråver, permisjonar

§ 2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa

Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.





**SØR-FRON
KOMMUNE**

"Dalernes blomme"

§ 3-41. Fråvær i grunnskolen

Frå og med 8. årstrinnet skal alt fråvær førast på vitnemålet. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Enkelttimar kan ikkje konverterast til dagar.

Eleven eller foreldra kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet. Dette gjeld berre når eleven har lagt fram dokumentasjon på årsaka til fråværet.

Dersom det er mogleg, skal eleven leggje fram dokumentasjon av fråværet frå opplæringa på førehand.

For inntil 10 skoledagar i eit opplæringsår, kan eleven krevje at følgjande fråvær ikkje vert ført på vitnemålet:

- a) dokumentert fråvær som skyldast helsegrunnar
- b) innvilga permisjon etter opplæringslova § 2-11.

For at fråvær som skyldast helsegrunnar etter bokstav a ikkje skal førast på vitnemålet, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skyldast helsegrunnar må vare meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for fråvær etter bokstav a på grunn av funksjonshemming eller kronisk sjukdom, kan fråvær strykast frå og med første fråværsdag.




Kommunikasjon skule-heim

- Digital meldingsbok
- Får ein SMS frå kontaktlærer, med nummer, døme: 19123039980001.
- Havnar automatisk i elevens mappe, all kommunikasjon blir tatt vare på.
- Havner på mail til læraren.

Visma Flyt Skole, BankID-innlogging <https://skole.visma.com/sor-fron>

- Oversikt over merknadar, fråver, vurderingar.
- Ulike typer skjema og søknad om permisjon.



Reglar, retningsliner og rutinar

Skulemiljø:

Bakgrunn


- Hausten 2017 fikk vi et nytt regelverk om skulemiljø. Dei viktigaste endringane er at eleven har ein individuell rett til eit trygt og godt skulemiljø. For å sikre elevane denne retten, har skulen ein aktivitetsplikt. Det er også innført av en håndhevingsordning, som gjev elevar og foreldre mogelegheit til å melde ein sak til fylkesmannen dersom de meiner skulen ikkje har gjort nok for å sikre elevens rett til eit trygt og godt skulemiljø.

[Desse planane finn de inne på Visma Flyt Skole](#)

- Plan for godt skulemiljø
- Ordensreglement
- Rutine for håndtering av krenkingar og mobbing ved Sør-Fron ungdomsskule
- Fråversplan for grunnskulen i Sør-Fron




**SØR-FRON
KOMMUNE**
"Dalernes blomme"



Digital meldingsbok, pålogging Visma Flyt Skole, permisjonar og fråver.



- Skriv inn i adressefeltet: <https://skole.visma.com/sor-fron>
- Logg inn med ID-porten.
- Vel elektronisk ID.
- Dobbeltklikk på barnet sitt namn i venstre biletkant.
- Ulike faner ligg da i øvre biletkant.
- Inne på Visma er det lurt å sjekke at kontaktinformasjon stemmer.
- Alle meldingar går via kontaktlærer sitt nummer.
- De har mogelegheit til å sjå anmerkningar, fråver, vurderingar, søkje permisjonar og gje samtykke.




Kva er fagfornyinga?

UDIR:

«I grunnskolen, de gjennomgående fagene og i fagene på studieforberedende i videregående, skal vi beholde dagens fag, men innholdet i fagene skal bli nytt. På de yrkesfaglige utdanningsprogrammene blir det noen nye fag, og noen fag slås sammen.

Kritisk tenkning og refleksjon vil bli en viktig del av hva elevene skal lære i skolen.»



Kvifor fornyar vi faga?

UDIR:

1. *Det elevene og lærlingene lærer skal være relevant. Samfunnet og arbeidslivet endrer seg med ny teknologi, ny kunnskap og nye utfordringer. Vi trenger barn og unge som reflekterer, er kritiske, utforskende og kreative.*
2. *Elevene og lærlingene skal få mer tid til dybdelæring. Mange av læreplanene har vært for omfattende. For å legge gode rammer for dybdelæring, kan vi ikke bare fylle på med nytt innhold. Vi må gjøre tydelige prioriteringer.*
3. *Det skal bli bedre sammenheng i og mellom fagene og de forskjellige delene av læreplanverket skal henge bedre sammen.*


•

Tverrfaglige temaer

Vi skal prioritere tre tverrfaglige temaer:

- demokrati og medborgerskap
- bærekraftig utvikling
- folkehelse og livsmestring

Dette er ikke egne fag, men samfunnsaktuelle temaer som skal prioriteres i alle fag der det er relevant.



Når?

Skoleåret 2020-21

Følgende trinn tar i bruk nye læreplaner:

- 1.-9. trinn

Skoleåret 2021-22


Følgende trinn tar i bruk nye læreplaner:

- 10. trinn



**SØR-FRON
KOMMUNE**

"Dalernes blomme"





MOT

Show courage!